




DET NORSKE  
HAGESELSKAP  
SOGN OG FJORDANE

# HAGESELSKAPET SOGN OG FJORDANE ÅRSMELDING 2022



DET NORSKE  
HAGESELSKAP  
SOGN OG  
FJORDANE





ÅRSMELDING FRÅ 1/1 - 31/12	3
TILLITSVALDE I 2022	3
STYRET HAR VORE SAMANSETT SLIK :	4
ÅRSMØTE/TILLITSVALDSMØTE	5
STYREMØTE	6
ARBEIDET I LOKALLAGA	7
AKTIVITETAR I 2022	7
ØKONOMI	8
REKNESKAP 2022	9
BUDSJETT 2023	10



## ÅRSMELDING 2022

### TILLITSVALDE I 2022/2023

Leiar :	Turid Bøyum	2021	p.v. 2023
Nestleiar. :	Elin Hauge	2020	p.v. 2024
Styremedl. :	Nina M. Bøge	2020	p.v. 2024
Styremedl :	Astrid Elisabeth B. Svår	2021	p.v. 2023
Styremedl. :	Helen Haaland	2021	p.v. 2023
Varamedl. :	Lisbeth Strømmen	2022	p.v. 2024'
Varamedl.:	Anne Solberg Verlo	2021	p.v. 2023
Revisor :	Gunnar Eikeland, Gaular	2021	p.v. 2023
	Bjørg Helle, Gaular	2020	p.v. 2024
Valnemnd:	Gro Haga		p.v. 2023



## STYRET HAR VORE SAMANSETT SLIK :

Leiar :	Turid Bøyum,	Gloppen
Nestleiar:	Elin Hauge,	Sogndal
Styremedl.:	Helen Haaland,	Førde
Styremedl.:	Nina M. Bøge,	Vågsøy
Styremedl./ kass.	Astrid E. Berteig Svår,	Hornindal
Varamedl.:	Lisbeth Strømmen	Askvoll/Fjaler
Varamedl.:	Anne Solberg Verlo,	Luster

Arbeidet blir gjort av styremedlemene med kontakt dei imellom, via mail og sms til medlemene, i tillegg til info på fylkeslaget si facebookside. Fylkesstyret har ei lukka gruppe på facebook, der vi diskuterer ulike saker.

Styret prøver å fordele arbeidsoppgåver seg imellom. Vara blir kalla inn til alle møter. Vi har hatt styremøte på Skei, der vi har leigt lokale hjå Esso/CircleK. Dette gir rimelege møte. I år har vi kun hatt styremøte/telefonmøter på nett. Vi kan koble oss opp mot hagepraten.no, eit «nettsamfunn» som vi kan bruke gratis når vi vil, dersom det er ledig. Denne nettstaden blei det vedteke på forrige årsmøte at vi skulle «kjøpe» oss inn i. Vi held kontakten via nettet og meldingar.

Medlemstalet pr. 1. jan. 2022: 666

Medlemstal pr. 1. jan. 2023: 665

Vi ligg ganske stabilt på statistikken, det er nokre lag som aukar og nokre som går ned på antall medlemar. På landsplan har vi auka med vel 700 stk siste året.





## ÅRSMØTE/REP.MØTE 2022 – SOGNDAL

Vi var samla på Kaupanger, der Sogndal hadde fått til eit flott opplegg.

Vi møtte opp på Vite Meir. Der fekk vi servert ein god lunsj. Vi fekk også tid til litt sondering rundt i huset før vi gjekk laus på dagens program. Lotteriet var også klart til oppstart.

Først ute var Inger Auestad. Temaet henna: «Blomstereng i hagen, kvifor, kvar og korleis». Hovudtrekket var:

Ta vare på det du har. Velg solrik, god drenert plass med mager jord. Fjern ikkje ynskja planter og tett grov torv. Start i det små. Velg dei rette plantane og ein god måte å laga eng på. Du må stella enga di og ikkje minst VER TOLMODIG.

Inn i mellom var det tid for litt meir loddsal. Lokallaga hadde vore flinke å ta med ein gevinst kvar, noko dei var oppmoda om.

Neste foredrag var Mathilde Broch Larsen, Økologist grønnsaksdyrkar på Indre Hafslo. Tema: «Grønnsakshage for hobbydyrkaren, korleis planleggja og gjennomføre».

Bøtun – ein markedshage i Hafslo.

Levande jordbruk.

Eit rikt microliv skapar sunne planter. Sopp jobbar i simbiose med røtter. Jobb i lag med naturen, set opp fuglekassar, fore fuglane på vinteren, så blomstereng.

Ho hadde eit godt foredrag, mange bilete og spørsmål langs med.

Det var eit godt lotteri og mange fornøygde «vinnarar» etterpå. Det var bra oppmøte med ca 70 totalt, med våre deltakarar.

Vi fekk omvisning på huset av Heidi C. Osland. Først oppe på taket, der det skal bli ein fin hage. Dette er i startfasen endå. Vi fekk også sjå litt rundt i bygningen.

Deretter var det innsjekk på Vesterland for dei som skulle overnatta.

Festmiddagen vart servert på Vite Meir. Det blei ei fin stund med sosial samling. Elin hadde til og med laga til ein quiz.


Søndag var det årsmøte. Det blei halde på museet, Dei Heibergske Samlingar på Kaupanger. Det var eit fint opplegg med årsmøte, foredrag av Marie Pettersson, ein god lunsj og omvisning.

Dette gjekk greitt føre seg. Hagelagets time gjekk også greitt, litt diskusjonar. Turnear og kven, vi fekk nokre ynskjer. Så var det også snakk om eit haustmøte, det må leggjast opp





til eit dagsmøte, då er det meir aktuelt. Vi prøvde med ei to-dagars samling i Førde/Naustdal, men dette fekk lite respons. Det blei for dyrt for lokallaga.



## STYREMØTE

I 2021/2022 har styret hatt 6 styremøte, det er telefonmøte. Det er handsama 24 skrivne saker.

Tidligere har vi vore samla på Skei, leige av rom hjå Circle K/Esso og fått servert litt mat. Dette året har det hittil vore kun møter på nettet via «hage-praten», nettsamfunnet som vi har kjøpt oss inn i, saman med Trøndelag, Nord og Sør, og Møre og Romsdal. Det greiaste og kjekkaste er nok reelle fysiske møter, men sidan vi er godt sprett i fylket, så

er dette enklast og lettast å få til å klaffa. Hage-praten kan også nyttast av lokallaga.

Vi har fått eit nytt lag i fylket/regionen. Vik har starta, det var årsmøte og stiftingsmøte 2. juli 2022. Dei hadde mange aktivitetar i løpet av sommaren. Lukke til og velkommen inn i hageselskapet. Vi står til tjeneste for dykk. På besøk i august under Bringebærfestival.

Saker som mellom anna har vore handsama av styre:

- Årsmelding, rekneskap, for 2022 og budsjett for 2023.
- Årsmøtet vårt
- Turnéar 2022/2023
- Arbeid med liste over foredragshaldarar
- Referatsaker
- Årsmøtet vårt i Sogndal.
- Samarbeid med lokallag – oppfølging av lokallag – «fadder».
- Bruk av nettet – oppfordring.





## ARBEIDET I LOKALLAGA

Pr. 1/1 2023 er det registrert følgjande 14 lokallag knytt til Hageselskapet Sogn og Fjordane: Askvoll og Fjaler, Eid, Flora, Førde, Gloppen, Hornindal, Kyrkjebø, Luster, Naustdal, Selje, Sogndal, Stryn og Vågsøy og Vik, eit nystarta lag. Gaular er avventande.

Dei mest populære aktivitetane i hagelaga er fagforedrag med ulike tema, hagevandringar i nærmiljøet og hageturar m/hagevandringar rundt i fylket eller ut av fylket, felles handletur til hagesenter og planteloppemarknad/plantebyte.



Vi har lag som er svært aktive og lag som slit litt med aktiviteten sin. Medlemsmassen er i fleire lag «godt» vaksne personar.

Vi håpar vi no er ferdig med denne reduserte aktiviteten i forhold til koronaen. Vi ser at nokre lag har greitt seg bra. Det har vore vanskeleg å planleggja når ein ikkje veit om ein kan få gjennomføre møteplanen sin. Uteaktiviteten har vore grei, om sommaren skjer det litt i alle lag.

Det har vore gjennomført kurs på nettet, «Hage-praten», når det gjeld nettsida til hageselskapet. Det er fleire lag som var med på dette, det visar også igjen på heimesidene våre

også. Laga er flinkare til å leggja ut aktivitetar der.

## AKTIVITETAR I 2022

### Representantskapsmøte for Det norske Hageselskap.

Det har ikkje vore rep.møte dette året.

Det var i staden eit felles møte for alle lokallag i landet samt rep. frå regionstyra. Det var svært populært. Det blir eit nytt møte dette året, tidspunkt er oktober.

Helen Haaland var fylket sin rep. Fleire lokallag, Florø og Gloppen var representert der.

Det var ei helg med mange foredrag med variasjonar, bl.a. Arctic Gardener, som nett har vore på rundtur her. Det kom fram fleire alternativ til turnear, kontakt er oppretta fleire stadar.





## Turné med fagpersonar

Vi hadde ein turne i 2022. Vi fekk besøk av Dennis Asbjørnsen. Han har Spiselige hage, er ein blogger og greenfluencer, foredragsholdar og forfattar. Han held til i Stavanger. Ein ung mann som starta opp i 2018 med ein pallekarm i ein kolonihage. Der lærte han fort, dyrk enkelt, billig og berekraftig.

Han var rundt i tre lag, Vågsøy hagelag i lag med Selje og Eid, Askvoll og Fjaler hagelag og Gloppen hagelag.

## ØKONOMI

Før vi har fått rekneskapen godkjend frå revisorane, ser vi at det er eit positivt resultat i laget. Vi har eit overskot på ca. kr 21.000.

Her kjem det ferdig reviderte resultatet og balansen. Vi ser at overskotet er på kr 21.063,20.



**Hageselskapet Sogn og Fjordane  
Rekneskap 2022**

<b><u>Inntekter:</u></b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Årsmøtet	30.090,00	32.350,34
Det Norske Hageselskap	55.188,00	54.832,00
Norsk Tipping	1.658,58	1.794,80
Loddsalg	3.753,12	
Renteinntekt	348,00	53,00
Div. in tekter		
Momskompensasjon	<u>4.631,00</u>	<u>3.650,00</u>
	<u>95.668,70</u>	<u>95.330,06</u>

**Utgifter:**

Årsmøtet	52.722,00	53.329,52
Styremøte		670,00
Inspirasjonshelg	6.497,00	
Reiseutgifter	1.905,00	4.431,70
Hagepraten	2.500,00	
Fylkesturne	4.767,00	
Gebyr	40,50	43,00
Kontorkostnad/porto	174,00	
Godtgjersle Styre	<u>6.000,00</u>	<u>6.000,00</u>
	<u>74.605,50</u>	<u>58.474,22</u>
Årsresultat	<u>21.063,20</u>	<u>30.855,84</u>

Björg J. Hille  
Revisor

Samuël Vikeland  
Revisor

Astrid E. Berteig Svær  
Kasserar

**BALANSE****2022****2021**Eigedelar

Kundefordringar		2.200,00
Bank 3700.26.00227	194.527,78 ✓	171.443,58 ✓
Bank 3705.14.42378	<u>51.653,76 ✓</u>	<u>51.390,76 ✓</u>
Sum eigedelar	<u>246.181,54 ✓</u>	<u>225.034,34 ✓</u>

Eigenkapital og gjeld

Gjeld	6.084,00 ✓	6.000,00
Eigenkapital	<u>240.097,54 ✓</u>	<u>219.034,34 ✓</u>
	<u>246.181,54 ✓</u>	<u>225.034,34</u>

IB Eigenkapital	219.034,34 ✓	188.178,50
+ Årsresultat	<u>21.063,20 ✓</u>	<u>30.855,84</u>
Eigenkapital 31.12.2022	<u>240.097,54 ✓</u>	<u>219.034,34</u>

Björg Z. Helle  
Revisor

Sunnar Ríkeld  
Revisor

Ólöf E. Benteig Svær  
Kasserar

Mós, 11/4-2023  
Dato og stad



## FORSLAG TIL BUDSJETT HAGESELSKAPET SOGN OG FJORDANE 2023

### INNETEKTER:

Tilskott Dnh	50.000
Tipping	1.500
Loddsal	4.000
Momskomp.	4.000
Diverse inntekter	1.000
<i>Sum inntekter</i>	60 500

### KOSTNADER:

Godtgjersle styret	6.000
Reiseutgifter	9.500
Styremøte/årsmøte	30.000
Dagsmøte haust/okt./nov	10.000
Turnear/arrangement	40.000
Underskott 2023	- 35.000
<i>Sum kostnader</i>	60 500



DET NORSKE  
HAGESELSKAP  
SOGN OG FJORDANE

Hageselskapet Sogn og Fjordane  
31. januar 2022

*Turid Bøyum*  
Turid Bøyum

*Elin Hauge*  
Elin Hauge

*Nina Moe Bøge*  
Nina M. Bøge

*Astrid E. Bertheim Svår*  
Astrid E. B. Svår

*Helen Haaland*  
Helen Haaland

*Lisbeth Strømmen*  
Lisbeth Strømmen (vara)

Anne Solberg Verlo (vara)